

# Lom

## 2017 Budsjett Økonomi- og handlingsplan 2017 - 2020



Lom  
nasjonalpark-  
landsby



Budsjettdokument for Lom kommune

<b>Del I - Bakgrunn for budsjettet .....</b>	<b>3</b>
1.2 Overordna styringssignal og utvikling .....	4
<b>Del II - Status med SWOT og tiltak frå tenesteområda....</b>	<b>9</b>
2.1 KOSTRA-tal for Lom kommune.....	10
2.2 Støttefunksjonen.....	12
2.3 Servicetorg, informasjon, kultur(SIK) .....	13
2.4 Loar skule .....	14
2.5 Lom ungdomsskule.....	15
2.6 Barnehagen .....	16
2.7 Helse og velferd.....	17
2.8 Miljø, teknisk, næring(MTN) .....	18
2.9 Pleie og omsorg.....	19
2.10 Forslag frå tenesteområda - samla .....	20
<b>Del III - Administrasjonssjefen sitt forslag .....</b>	<b>26</b>
3.1 Prioriteringar og innsparingar i budsjettet.....	26
3.2 Budsjett og øk.plan opp mot den øk. handlingsregel.....	28
3.3 Innstilling frå administrasjonssjefen .....	29
<b>Del IV - Politisk behandling .....</b>	<b>38</b>
4.1 1. gongs behandling i formansskapet - vedtak .....	39
4.2 2. gongs behandling i formansskapet - vedtak.....	39
4.3 Behandling i kommunestyret - vedtak.....	40
4.4 Endringar.....	42

## Del I - Bakgrunn for budsjettet

# Systematisk arbeid og omstilling

**Kommunereformen er avslutta i denne omgang, og Stortinget har gått inn for nytt inntektssystem som fører til omfordeling av ressursar mellom kommunane. Effekten av inntektssystem vil bli gradvis innfasa.**

Driftsresultatet i Lom kommune har vore negativt dei to siste åra. Vi er nødt til å gjera strukturelle grep og grunnleggjande endringar både på kort og lang sikt for å reetablere tilstrekkeleg positivt driftsresultat. Dette må til for å løyse kartlagte utfordringar i drift og investeringar. Hovudgrepet er omstilling innan pleie og omsorg jfr. vedtatt omstillingsplan. Denne må gjennomførast over fleire år, og forutset store investeringar i omsorgsretta bustadtilbod. Omstilling må gjennomførast på alle område i kommunen, noko som gjer at alle må vera budde på redusert ressurstilgang og det å finne nye måtar å arbeide på. Framlegg til driftsbudsjett og økonomiplan blir derfor gjort med dette som utgangspunkt, og med redusert handlingsrom som følge av redusert ressurstilgang.

*Driftsåret 2017 må nyttast til systematisk arbeid for å eliminere såkalla tidstjuvar, ta digitaliseringssteg og generell omstilling.*

Det har vore svært utfordrande å finne balanse i budsjettet for 2017. Budsjettet er stramt og har svært lite handlingsrom til tiltak utanom det som ligg i framlegget. Kommunen er derfor særdeles sårbar med tanke på uforutsette

utgifter. I arbeidet med budsjett har det vore fokus på tenestetilbod til brukarane og lovpålagte oppgåver, og kor mykje ein kan redusere ressurstilgangen før ein ikkje lenger leverer tenester på forsvarleg nivå. Sjølv om budsjetttrammene etter korrigeringar er redusert innan alle område, og kanskje særleg innan pleie og omsorg og skule, blir foreslått budsjett vurdert som forsvarleg i så måte.

Driftsåret 2017 må nyttast til systematisk arbeid for å eliminere såkalla tidstjuvar, ta digitaliseringssteg og generell omstilling. Ein må i særleg grad planlegge og klargjera konsekvensar av foreslåtte investeringstiltak innan pleie og omsorg.

Med utgangspunkt i dokumentert situasjon og utfordring blir innføring av eigedomsskatt i heile kommunen foreslått.

Dersom kommunestyret ikkje går inn for dette må det gjennomførast andre tiltak for å gjennomføre foreslått økonomiplan. Det er sannsynleg at det med elles uendra forutsetingar, vil bety reduksjon i talet på

stillingar.

Det er foreslått å nytte av fond til å balansere drift og finansiering av planleggingstiltak. Dette blir grunngeve med at desse tiltaka er nødvendige å gjennomføre, og at bortfall av betydelege og til dels uforutsette inntekter på kort



varsel, må takast inn i drift over tid.

Sjølve budsjettokumentet er noko endra. Det er auka fokus på å synleggjera økonomisk utvikling og konsekvensar m.a. i høve handlingsregel. Samstundes er fokus på målekart og måleindikatorar redusert. Dette er grunngeve med registrert låg etterspurnad etter slike styringsdata. Vidare har kommunen gjort vedtak om ny type medarbeidarunersøking etter 10-faktormodellen. Det tek noko tid å innarbeide og ta denne systematikken i bruk.

Lom 22 november 2016

Ola Helstad  
administrasjonssjef

## 1.2 Overordna styringssignal og utvikling

### 1.2.1 Finansministeren sine kommentarer til statsbudsjettet 2017

Finansminister Siv Jensen sine kommentarer til

## Statsbudsjettet for 2017

Regjeringen vil fortsette å bruke målrettede tiltak for å skape aktivitet og jobber i de regionene og bransjene som er hardest rammet av oljeprisfallet. Vi vil legge til rette for morgendagens jobber ved å satse på kunnskap, forskning og innovasjon. Vi bygger mer vei og bane. Vi fortsetter gjennomføringen av skattereformen og reduserer skattene.

**Et budsjett for flere jobber, bedre velferd og en trygg hverdag**

– I budsjettet for 2017 prioriterer vi lettelser som fremmer vekst og omstilling. Regjeringen styrker vilkårene for det private, norske eierskapet. Det skal bli mer lønnsomt å jobbe, spare og investere, sier finansminister Siv Jensen (Frp).

**Regjeringens forslag til skatte- og avgiftsopplegg for 2017**

– Skatt er ikke et mål, men et middel. Regjeringen vil redusere skatte- og avgiftsnivået for å øke verdiskapingen og for å gi større frihet for familiene og den enkelte, sier finansminister Siv Jensen.



Siv Jensen - finansminister

**Grønt skatteski**

Avgifter på utslipp av klimagasser og drivstoff økes med rundt 1,6 milliarder kroner. De som forurensere må i større grad betale for kostnadene de påfører samfunnet. Samtidig foreslås sektorvise reduksjoner i skatter, avgifter og kompensasjoner slik at bilister og transportører samlet kommer godt ut.

### 1.2.2 Utdrag fra KS sitt notat om statsbudsjettet 2017

## Kommuneøkonomi i statsbudsjettet



Rune Bye - avd.dir. kommuneøkonomi

**Det er særlig to ting som er nytt i statsbudsjettet sammenliknet med det økonomiske opplegget i kommuneproposisjonen.**

For det første er anslaget for skatteinntektene i 2016 oppjustert med 3,8 mrd kroner. Dette gir isolert sett økt økonomisk handlingsrom i 2016, men ikke i 2017. For det andre er en større del av realveksten i 2017 bundet opp i statlige satsinger. Dette gir isolert sett lavere handlingsrom i 2017.

**Nytt inntektssystem for kommunene**

Nytt inntektssystem for kommunene iverksettes fra 2017, i samsvar med de prinsipper som ble vedtatt i kommuneproposisjonen.

Dette betyr:

- endringer i kostnadsnøklene i utgiftsutjevningen basert på nye statistiske analyser
- årlig revekting av delkostnadsnøkkelens andel av hovedkostnadsnøkkelens basert på sist avlagte regnskap

- innføring av et strukturkriterium for å gradere basistilskuddet
- omlegging av regionalpolitiske tilskudd med større vekt på innbyggertall og mindre vekt på per kommune. I tillegg vil distriktsindeks også få betydning for småkommunetillegg.

Inntektsutjevningen er uendret, og innføring av eventuell selskapskatt er utsatt.


I statsbudsjettet gjøres enkelte andre justeringer:

- Grensen for veksttilskudd reduseres fra gjennomsnittlig befolkningsvekst på 1,5 pst til 1,4 pst
- Satsene for de regionalpolitiske tilskuddene, inkludert vekstkommunetilskudd og storbytilskudd, justeres med halvparten av lønns- og prisvekst

Heile dokumentet kan du lesa her:

<http://www.ks.no/fagomrader/okonomi/kommuneokonomi/notat-om-statsbudsjettet-2016/>

### 1.2.3 Utvikling i folketallet



### 1.2.4 Føresetnader

Administrasjonssjefen skal legge fram budsjettforslag for formannskapet. Det har vore ein budsjettprosess, der budsjettet er godt forankra hjå den enkelte leiar.

#### Målsetting med budsjettarbeidet

- Oppretthalde nødvendig tenestetilbod
- Prioritering av lovpålagde oppgåver
- Imøtekoma målsettingar i overordna planer og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 2 %.
- Disposisjonsfond på: 10 % av netto driftsresultat
- Lånegjeld på: maksimalt 65 %

#### Føresetnader for budsjettarbeidet

- Årslønsvekst: 2,2 % (Prognose KS)
- Ordinær pensjonskostnader KLP: 18,00 %
- Ordinære pensjonskostnader STP: 10,25 %.
- Kostnader til AFP: Kr 730 000
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 %.
- KS prognosemodell vert nytta til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot).
- Innskotsrente i samsvar med gjeldande rente oktober 2016
- Lånerente i samsvar med gjeldande rente oktober 2016.
- Avdrag basert på nedbetalingsplan frå långjevar.
- Utbytte frå AS Eidefoss: kr 1 800 000.
- Bruk av konsesjonskraftinntektene til driftsføremål kr 5 600 000.
- Vidareføring av opphavleg budsjett 2016, med justering av vedtekne endringar.

## 1.2.5 Endringar i inntekter

Auka i dei frie inntektene til kommunesektoren er på 4,1 milliardar kroner. Det spesielle for 2017 er at ein større del av realveksten for 2017 er frå sentrale styremakter bunde opp i statlege satsingar.

Veksten i dei frie inntektene er frå sentrale styremakter disponert slik:

Meirkostnad demografi	2,1 mrd. kr.
Meirkostnad pensjon	0,9 mrd. kr.
Statlege satsingar	0,8 mrd. kr.
<b>Auka handlingsrom</b>	<b>0,3 mrd. kr.</b>

Dei statlege satsingane fordeler seg slik:

Tidleg innsats grunnskule	150 mill. kr.
Opptappingsplan rusfeltet	300 mill. kr.
Opptappingsplan habilitering og rehabilitering	100 mill. kr.
Auka satsing skulehelseteneste og helsestasjonar	50 mill. kr.
Fornyng og opprusting av fylkesveggar	200 mill. kr.
Samla satsing	800 mill. kr.

Lom kommune får denne endringa i overføringar frå Staten:

Endring i overføringar frå staten	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring	i %
Skatt på inntekt og formue	-50 221 000	-51 745 000	-1 524 000	3,03
Statleg rømeoverføring	-73 000 000	-75 347 000	-2 347 000	3,22
Inntektsutjamningstilskot	-11 834 000	-12 307 000	-473 000	4,00
Skjønnstilskot	-500 000	-1 200 000	-700 000	14,0
SUM	-135 555 000	-140 599 000	-5 044 000	3,7

Under ser vi endring i løn og sosiale utgifter for Lom:

Endring løn og sosiale utgifter	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring	i %
Utgifter løn	126 340 127	130 553 767	4 213 640	3,3
Sosiale utgifter	22 944 700	26 006 800	3 062 100	13,3
SUM	149 284 827	156 560 567	7 275 740	4,9

Dette syner ei auka utgift på kr. 2 200 000 større enn auka i overføringane frå Staten.

Føringane i statsbudsjettet er ikkje øyremarka, men er frie midlar. Det er gjort vurderingar av desse føringane utan at det er lagt inn som auka på dei nemnde områda. Gjeldande ressursar er vurdert til å vera tilstrekkelege ut i frå ei totalvurdering.

Folketalet er grunnlaget for inntektsoverføringane frå Staten.

Lom har ei auka på 10 personar frå 1.7.2015 – 1.7.2016. Dette medfører ei auka inntekt på ca. kr. 1 800 000. Utan endring i folketalet ville vår endring i inntektene vore på kr 3 200 000. Det er busett i overkant av 70 flyktningar i Lom kommune.

## 1.2.6 Kraftinntekter

Kraftinntekter	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Konsesjonskraft		
Kjøp	4 429 000	4 900 000
Sal av konsesjonskraft	-8 715 000	-10 850 000
Sal av konsesjonskraft - netto	-4 286 000	-5 950 000

## 1.2.7 Eigedomsskatt

Eigedomsskatt	Budsjett 2016	Budsjett 2017
Samla oversikt eigedomsskatt	5 948 000	5 025 000

Lom kommune har eigedomsskatt på eigedomar på Fossbergom og på «Verker og bruk».

Grunnlaget for utskrivning av eigedomsskatt på kraftanlegg, som kjem inn under gruppa «Verker og bruk» er fastsett av staten. Verdsettinga av kraftanlegg er endra, slik at grunnlaget for eigedomsskatt er redusert med 209 354 000, noko som gjev kommunen kr 1 465 000 i mindre eigedomsskatt for 2017 i forhold til tidlegare verdsetting.

Kommunestyret kan gjera vedtak om endring av sats og botnfrådrag, for å justere inntektsnivået for eigedomsskatt. På verker og bruk er det nytta maksimal sats. For bustader og fritidseigedomar er det nytta ein sats på 0,4%, denne kan aukast oppover til 0,7 %, eller nedover.

Utbytte frå Eidefoss er redusert frå kr 6 mill i 2016 til kr 1,8 mill i 2017. Utbyttensnivået kan ein forvente vil ligge rundt denne summen i nokre år framover.

Avkastning på ansvarleg lån til AS Eidefoss på kr 30 000 000 er og redusert i takt med rentenedgangen. Renta på dette lånet er bunde opp mot 10 år statsobligasjon, der 3 år gjennomsnitt rente er det som blir utbetalt.

## 1.2.8 Talfakta - økonomi - busetjing av flyktningar

### Integreringstilskot til kommunen:

Ein einsleg vaksen – kr 767 400 fordelt over 5 år.  
Andre vaksne og barn – kr 717 400 over 5 år.

Til dømes; For ein familie på 4 (2 vaksne og 2 barn) får kommunen kr 2 869 600 i løpet av 5 år.

### Innbyggertilskot

Via rammetilskotet som kommunen får frå staten blir det også tilført store beløp – (ulik vektning i høve alder), eit forsiktig gjennomsnittleg anslag er kr 100 000 pr. innbyggjar pr. år.

### Tilskot til skule/opplæring:

Kommunane får eit grunntilskot i 2016 på kr 575 000 (dei som har mellom 4 og 150 busette)I tillegg får kommunane ca. kr 130 000 pr. flyktning som er i vaksenopplæringa fordelt over 3 år.

t.d. var samla tilskot til skule/opplæring i 2015 på kr 1 166 525

### Kva får flyktningane av kommunen?

Økonomisk stønad til etablering er ikkje ein del av sjølve introduksjonsloven. Samarbeidskommunane har kome fram til ei felles ordning for alle kommunane.

Ved busetjing får flyktningane etableringstilskot til møbler, utstyr og klede etter interkommunal/regional vedteken flyktningplan – like satsar i alle kommuner:

### Stønad til innkjøp av møbler og anna utstyr:

- Einsleg: inntil kr. 35 000,-
- Ektepar/sambuarar (til saman): inntil kr. 40 000,-
- Personar i bufellesskap/deler bustad(pr. pers):inntil kr. 20 000,-
- Pr. barn (under 18 år):inntil kr. 5 000,-

I tillegg kjem stønad til innkjøp av klede, 5 000,- pr. pers.

Dei som har fylt 18 år får utbetalt introduksjonsstønad når dei deltek i introduksjonsprogrammet.

Dei som er 25 år og eldre får 2 x G: Brutto pr. år 185 152 /pr. mnd. 15 429

Dei som er i alderen 18-25 år får 2/3 av 2G:

Brutto pr. år 123 435/pr. mnd. 10.286

Av introduksjonsstønaden betaler flyktningane også skatt, husleige, straum m.m. Det blir søkt bustønad frå Husbanken til alle – individuell vurdering/behandling i Husbanken.

## Flyktningar i Lom pr. 22.11.2016

Land	personar
Afghanistan	2
Burundi	3
Eritrea	20
Somalia	35
Iran	2
Syria	12
<b>TOTALT</b>	<b>78</b>







## Del II - Status med SWOT og tiltak frå tenesteområda

### Ny medarbeidarundersøking

10-Faktor er ein ny medarbeidarundersøking utvikla av KS i samarbeid med Linda Lai, professor i organisasjonspsykologi ved Institutt for organisasjon og leiing ved Handelshøyskolen BI i Oslo. Undersøkinga erstattar den tidlegare medarbeidarundersøkinga frå KS som Lom kommune har nytta seg av som ein del av styringssystemet balansert målstyring. Poengskalaen i 10-Faktor går opp til 5.

Undersøkinga er basert på forskning, og den er avgrensa til 10 faktorar som er dokumentert viktige. Undersøkinga fangar opp viktige faktorar på medarbeidar-, gruppe-, organisasjons- og leiarnivå. Den måler faktorar som leiarar og medarbeidarar kan påverke, og som skal danne grunnlag for medarbeidar-, organisasjons-, og leiarutvikling.

Nedanfor ser du dei ti faktorane kort forklart, og det overordna resultatet for Lom kommune 2016.

Medarbeidarundersøkinga for Lom komune 2016. svarprosent: omlag 60%



Faktor	Namn	Beskriving	Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
1	Oppgåvemotivasjon	Motivasjon for sjølve oppgåvene	4,2		4,3
2	Mestringstru	Tru på eiga kompetanse og moglegheit til å mestre utfordringar i jobbsamanheng	4,1		4,3
3	Sjølvtende	Opplevd tillit og mogleheit til sjølvstendig arbeide	4,1		4,2
4	Bruk av kompetanse	Bruk av eigen kompetanse	4,1		4,2
5	Meistringsorientert leiing	Leiing med vekt på å gjera kvar medarbeidar best mogleg ut i frå sine føresetnadar	3,8		3,9
6	Rolleklarheit	Tydeleg kommuniserte forventningar slik det er opplevd av medarbeidarane	4,0		4,3
7	Relevant kompetanseutvikling	Opplevd moglegheit for utvikling av relevant formal- og realkompetanse	3,5		3,7
8	Vilje til fleksibilitet	Villigheit til å vera fleksibel på jobb.	4,3		4,5
9	Klima for meistring	Kultur for å samarbeida og å gjera kvarandre gode	3,9		4,1
10	Nytteorientert motivasjon	Ynskje om å bidra til nytte og måloppnåing for andre	4,5		4,7

## 2.1 KOSTRA-tal for Lom kommune

KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) er eit rapporteringssystem for norske kommuner som blir nytta på nasjonalt nivå. Systemet nyttast for å rapportere informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenestoområde i kvar enkelt kommune. Denne informasjonen blir sendt til Statistisk sentralbyrå (SSB)

som publiserar den. Talmaterialet omfattar det meste av verksemdar som økonomi, skule, helse, kultur, miljø, sosiale tenester med meir. Tala peikar på prioriteringar, dekningsgrad og produktivitet, men seier lite om kvalitet. Nedanfor finn de eit utval av tala:

Finansielle nøkkeltal KOSTRA revidert 15.06.2016	Lom			Skjåk 2015	Vågå 2015	Kostragr. 3 2015	Oppland 2015	Noreg u/Oslo 2015
	2013	2014	2015					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,7	-6,2	-7,8	-2,5	4,6	2	1,2	2,2
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	6,3	-1,1	-2,5	1,6	6,9	2,7	2,2	2,7
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	53818	54881	<b>56144</b>	57540	56602	57824	50366	49776
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	198,7	233,2	<b>230,7</b>	223,7	233,9	232,1	210,2	213
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	31,8	41	<b>41,4</b>	40,4	21,7	19,5	21	17,8
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	53421	56062	<b>56277</b>	17607	74910	76790	51358	54184
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	5596	6806	<b>5382</b>	8090	6750	7265	4288	4196
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner, konsern	3356	3539	<b>3786</b>	3733	2678	2849	2075	1991
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar, konsern	640	672	579	652	295	439	341	273
Utlån av alle typer media frå folkebibliotek per innbygger	10,9	10,6	<b>9,9</b>	8,1	4,8	4,8	4,8	4,4
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	8,3	7,3	<b>6,4</b>	5	4,5	4,1	4,6	4,6
Besøk per kinoforestilling	47,2	55,7	<b>75</b>	-	44,2	29,7	50	31,6
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar	127 741	135 312	<b>144 388</b>	147 697	125 760	131 087	114 144	102 843
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule, skolelokal og skuleskyss	130 673	137 701	<b>143 702</b>	139 137	125 995	134 276	118 082	106 567
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	5,6	5,3	<b>5,4</b>	5,9	3,9	10,1	7,5	7,9
Gjennomsnittleg gruppestørleik, 8.-10. årstrinn	12,3	10,9	<b>11,9</b>	9,8	12,6	11,2	13,4	14,1
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO %	26	34,5	<b>25</b>	31,7	24,8	47,3	52,4	58,5
Andel lærarar som er 60 år og eldre i %	11,9	14,5	<b>12</b>	16	19,4	13,3	11,6	12
Andel lærarar i heiltidsstilling	59,5	38,2	<b>64</b>	54	46,3	64,4	66,8	69,2
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	120 683	117 991	<b>117 655</b>	161 176	110 353	137 862	127 181	130 793
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	83,2	89,1	<b>91,2</b>	90,6	91,4	89,8	90,9	91
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	170 847	155 765	<b>153 039</b>	203 162	153 731	183 969	173 401	177 232
Andel tilsette med barnehagelærerdanning	41,2	40	<b>36,4</b>	35,1	38,7	34,6	36,1	36,4
Andel tilsette menn til basisvirksomhet i barnehagane	0	-	<b>3,6</b>	6,9	5,9	4,3	6,8	7,7
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	4577	4376	<b>4519</b>	4892	3922	3856	2746	2381
Netto driftsutgifter til sosialtjenesta pr. innbyggjar 20-66 år	1029	5096	<b>3001</b>	3851	2891	2748	2904	3241

Finansielle nøkkeltal KOSTRA revidert 15.06.2016	Lom			Skjåk 2015	Vågå 2015	Kostragr. 3 2015	Oppland 2015	Noreg u/Oslo 2015
	2013	2014	2015					
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-17 år, barnevernstjenesta	6397	4219	<b>3379</b>	5329	4874	10209	9264	8340
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetjenesta	15,2	15,3	<b>15,3</b>	18,1	14	13,8	11,9	10,5
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetjenesta	9,7	9,8	<b>9,8</b>	13,6	12,2	10,2	11,3	9,1
Andel sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarar 20-66 år	2,8	3,3	<b>3,1</b>	5,5	4,7	4,5	4,3	3,9
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-17 år	4,2	4,2	<b>4,5</b>	4	3,4	-	5,4	4,8
Sykkel-, gangvegar/turstigar mv. m/kom. driftsansvar pr. 10 000 innbyggjarar	4	4	<b>251</b>	18		170	60	52
Kommunalt disponerte boliger pr .1000 innbyggjarar	21	21	<b>22</b>	28	25	28	24	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggjarar	0,51	0,43	<b>0,36</b>	0,36	0,34	-	0,51	0,57
Årsgebyr for vassforsyning - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	2770	2870	<b>3086</b>	2146	4461	3549	3752	3381
Årsgebyr for avløpsteneste - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	3874	3725	<b>2016</b>	3951	3959	3513	4934	3784
Årsgebyr for avfallsjeneste - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	1887	1958	<b>2016</b>	2016	1744	2701	2068	2616
Gj.snittleg saksbehandlingstid for private forslag til detaljreg. Kalenderdagar	0	-	<b>99</b>	120	95	-	179	233
Gj.snittleg saksbehandlingstid for oppretting av grunneigendom. Kalenderdagar	24	24	<b>33</b>	18	17	-	41	51
Brutto. driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate	61000	40625	<b>45125</b>	61455	85359	89852	104972	125104
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgtjenesta	23038	24741	<b>24571</b>	24915	24677	21228	19087	16229
Andel plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar	100	100	<b>100</b>	100	60	93	96,6	94,7
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester (i kroner)	181 669	195 558	<b>174 361</b>	167 637	160 255	218 463	219115	237826
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	909 244	945 927	<b>947 268</b>	1035 243	914 232	108 5317	1 049 695	1 035 689

## 2.2 Støttefunksjonen

### 2.2.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

<b>NÅTID - STYRKE:</b>	Nye tilsette har tilført avdelinga ny kunnskap og nye erfaringar, som er positivt for fag og arbeidsmiljø.  Fokus på service, samarbeid og faglegheit. Motto er «å gjera organisasjonen god».  Tilsette som i arbeidskrevjande periodar arbeider over, for at andre i organisasjonen skal få det dei har krav på og at sentrale tidsfrister blir møtt.	<b>PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:</b>	Tidvis stort arbeidspress  Rolleavklaring og innføring av nytt driftskonsept.  Sårbarheit ved fråver.
<b>FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:</b>	Intern organisering som set fokus på korleis vi best får avdelinga til å fungere under gjevne omstende.  Digitalisering for å utvikle arbeidsprosessar, effektivisere dei og kommunisere med innbyggjarane.  Målretta oppbygging av kompetanse for å kvalitetssikre arbeidsoppgåver og motivasjon i vidare arbeid.	<b>PRIORITERTE SPEISIELLE UTFORDRINGAR</b>	At andre tenestemråder leverer inn grunnlag for løn, fakturering etc. innan tidsfrist som er sett.  Fleire faggrupper gjer at ein må arbeide og kommunisere på tvers. Lærer av kvarandre.  Erfaringar gjev oss betre start i 2017 i fht. å lære system og arbeidsoppgåver, og dokumentasjon av desse.

### 2.2.2 Måletal

			<b>10</b> Støttefunksjonen		
Faktor	Namn	Beskriving	Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
5	Meistringsorientert leiing	Leiing med vekt på å gjera kvar medarbeidar best mogleg ut i frå sine føresetnader	3,3	3,8	3,9
6	Rolleklarheit	Tydeleg kommuniserte forventningar	3,4	4	4,3
9	Klima for meistring	Kultur for å samarbeida og å gjera kvarandre gode	3,5	3,9	4,1

Fokus-område	Indikator	Noreg res 2015	Støttefunksjonen		
			res 2015	mål 2016	mål 2017
Brukar	Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt	5,1	4,9	4,8	5,1
	Støttefunksjonen er løysingsorientert	4,9	4,6	4,7	4,9
	Støttefunksjonen held avtalde fristar	4,9	4,5	4,6	4,9
	Støttefunksjonen tydeleggjer tenestene eg kan få	4,8	4,5	4,7	4,8

## 2.3 Servicetorg, informasjon, kultur(SIK)

### 2.3.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

NÅTID - STYRKE:	God kombinasjon av rutine og ny kompetanse God digital kompetanse God kvalitet på bibliotektenester	PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:	Digital kommunikasjon Samarbeid og utvikle samarbeidsområde Integrering av fagsystem
FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:	Digitalisering og effektivisering Samarbeid på tvers av tenestoområda Samarbeid med friviljug sektor	PRIORITERTE SPEISJELE UTFORDRINGAR	Arrangementsutvikling og tilrettelegging Legge til rette for friviljug innsats Omdømmearbeid

### 2.3.2 Måletal

Faktor	Namn	Beskriving	Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
1	Oppgåvemotivasjon	Motivasjon for sjølve oppgåvene	4,1	4,4	4,3
2	Mestringstru	Tiltru til eigen jobbkompetanse	3,9	4,4	4,3
9	Klima for meistring	Kultur for å samarbeida og å gjera kvarandre gode	3,5	4,2	4,1

10 **Servicetorg, kultur, informasjon**

Tenestoområdet Servicetorg, informasjon, kultur er ein del av ei administrativ endring gjort i 2016. Brukarundersøkinga for støttefunksjonen på førre sida er derfor gjeldande for SIK.

## 2.4 Loar skule

### 2.4.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

<b>NÅTID - STYRKE:</b>	God ressurstilgong Kompetente og løysingsfokuserte kollegaer, elevar, heimar og administrasjon Godt uteareal og nærområde	<b>PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:</b>	For få og for småe rom. Dårleg inneklima. Digitale tavler på heile skulen med gode digitale løysingar, deriblant godt trådløst nett på heile skulen. Generelt vedlikehald og opprusting av bygningsmasse. Symjeundervisning
<b>FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:</b>	Arbeid med psykososialt arbeidsmiljø for elevar og vaksne. Auka og etablert bruk av ressurspersonar internt og i nærmiljøet. Vidareutdanning. Kreativ, fysisk og kulturell aktivitet. iPad til bruk i skrive- og leseopplæringa.	<b>PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR</b>	Nå kompetansemåla i t.d. symjing og digital dugleik. Klasesett iPadar. Auka trong for elevfokus, sped.pedagogar og arbeid med kulturuttrykk og satsingsområda Ytre rammer som romsituasjonen, lagerplass, trafikken rundt skulen og økonomiske nedskjeringar.

### 2.4.2 Måletal

			<b>FAKTOR 10 Loar skule</b>		
Faktor	Namn	Beskriving	Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
2	Mestringstru	Tiltru til eigen jobbkompetanse	4	4,1	4,3
6	Rolleklarheit	Tydeleg kommuniserte forventningar	3,9	4,1	4,3
8	Vilje til fleksibilitet	Villigheit til å vera fleksibel på jobb.	4,1	4,2	4,5

Fokus-område	Kritisk suksess-faktor	Indikator	Loar skule			
			Noreg res 2015	mål 2015	res 2016	mål 2017
Brukarar	Opplevd kvalitet	Trivsel	4,4	4,6	4,5	4,5
		Mobbing på skulen	1,2	1,0	1,1	1,0
		Fagleg rettleiing av lærar	4,4		4,5	4,5
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,4	4,5	4,5	4,5
	Målt kvalitet	Nasjonale prøver 5.steg lesing. % på meistringsnivå 1 av 3 nivå.	24 %	10 %	10 %	10 %
		Nasjonale prøver 5.steg rekning. % på meistringsnivå 1 av 3.	23 %	10 %	10 %	10 %


## 2.5 Lom ungdomsskule

### 2.5.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

<b>NÅTID - STYRKE:</b>	<p>Høg kompetanse og stabilitet i personalet. Er ein lærande organisasjon med god samarbeids- og delingskultur. Leserettleiarar viktige ressurspersonar.</p> <p>Godt arbeidsmiljø med svært lågt sjukefråver.</p> <p>Sett over tid gode læringsresultat, og dei fleste elevane fullfører vidaregåande utdanning</p>	<b>PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:</b>	<p>Mange elevar slit med motivasjon. Gjennom UIU-satsinga vonar i at det skal bli meir variert og praktisk undervisning.</p> <p>Utfordringar med store nivåskilnader i mange klasser.</p> <p>Framandspråklege elevar utan skulegang gjer det svært krevjande å få til god tilpassa undervisning.</p>
<b>FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:</b>	<p>Hausten 2016 er skulen med på satsinga – UIU. Her kan det blir lagt vekt på meir variert og praktisk undervisning.</p> <p>Tett samarbeid med PPT, helsesyster og Bup med tanke på elevar som strevar utanom det faglege.</p> <p>Tett oppfølging av elevar med lærevanskar slik at dei får det læringsutbytet som er naudsynt for å fullføre vidaregåande utdanning. Krev stor lærartettleik for å få til gruppedeling og hjelp innanfor klassen med tolærarsystem.</p>	<b>PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR</b>	<p>Nye kompetansekrav i grunnskulen gjer at fleire lærarar må få etterutdanning for å få formell kompetanse til å undervise i grunnskulen.</p> <p>Grunnskulen i Lom bør få ein sosiallærer. Ei slik stilling bør bli lagt til ei undervisningsstilling slik at det blir kort veg for å få hjelp.</p> <p>Vaksenopplæring er lagt inn under LUS, denne er svært ressurskrevjande. Vurdere ei anna organisering av vaksenopplæringa. I alle fall må skulen få ein større administrasjonsressurs.</p>

### 2.5.2 Måletal

					
Faktor	Namn	Beskriving	Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
3	Sjølvtstende	Opplevd tillit og mogleheit til sjølvtstendig arbeide	4,5	4,5	4,2
7	Relevant kompetanseutvikling	Kompetanseutvikling som er relevant for å utføra oppgåver	3,9	4,2	3,7
8	Vilje til fleksibilitet	Villigheit til å vera fleksibel på jobb.	4,3	4,4	4,5

Fokus-område	Kritisk suksess-faktor	Indikator	Lom ungd.skule			
			Noreg res 2015	mål 2015	res 2016	mål 2017
Brukarar	Opplevd kvalitet	Trivsel	4,5	4,2	4,1	4,3
		Støtte frå lærarane	4,2	4,0	4,0	4,2
		læringskultur	3,9	3,8	3,9	4
		Mobbing på skulen	1,2	1,2	1,4	1,2
	Målt kvalitet	Vurdering for læring		3,3	3,4	3,8
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,2	4,2	4,2	4,2
		Gjennomsnitt grunnskulepoeng	39,5 %	41,1	43,5	41,5
		Resultat NP lesing 9. klassenivå 1 og 2 av 5 nivå	10,0 %	16 %	16 %	10 %
	Resultat NP regning 9. klasse nivå 1 og 2 av 5 nivå	15,0 %	20 %	28 %	12 %	

## 2.6 Barnehagen

### 2.6.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

<b>NÅTID - STYRKE:</b>	<p>Svært god kompetanse i personalgruppa.</p> <p>4 pedagogiske leiarar tek vidareutdanning (30 stp)</p> <p>Tilsetjing av styrar i Garmo barnehage</p> <p>Stor etterspørsel etter barnehageplassar.</p>	<b>PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:</b>	<p>Internett-tilgang på alle avdelingar.</p> <p>Bygning til oppbevaring av vogner og soving på Loar.</p> <p>Styrka bemanning.</p>
<b>FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:</b>	<p>Tettare samarbeid mellom barnehagane</p> <p>Langsiktig felles plan for barnehagane frå 2017: Visjon og tydelege felles mål.</p> <p>Nytte elektroniske løysingar meir effektivt.</p> <p>Meir kompetanse og ressurs knytt til minoritetsspråklege barn</p>	<b>PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR</b>	<p>Stor variasjon i antal nye søkjarar frå år til år gjer det vanskeleg å planlegge tilbodet og å vite ressursbehov.</p> <p>Fordeling av plassar mellom barnehagane (fleire enn det er plass til ynskjer Loar)</p> <p>Stor auke i antal minoritetsspråklege barn: behov for ny kompetanse og ressursar.</p>

### 2.6.2 Måletal

Faktor	Namn	Beskriving	<b>10</b> Barnehage		
			Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
2	Mestringstru	Tiltru til eigen jobbkompetanse	4,2	-	4,3
6	Rolleklarheit	Tydeleg kommuniserte forventningar	3,6	-	4,3
9	Klima for meistring	Kultur for å samarbeida og å gjera kvarandre gode	3,8	-	4,1

Barnehagen er i prosess med å nytta UDIR si brukarundersøking, der resultatane ikkje kjem før desember. Det er slik sett ei omlegging i måletalarbeidet i barnehagen.



## 2.7 Helse og velferd

### 2.7.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

<b>NÅTID - STYRKE:</b>	Tenkjer folkehelse i all planlegging og tenesteyting Stabilt og kompetent personell Tidleg intervensjon og godt tverrfagleg samarbeid	<b>PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:</b>	Auke av stillingsressursar på fagområder med store utfordringar/stort press  Vil møte utfordringar innan psykisk helsearbeid og rus  Tid og ressursar til kompetanse-utvikling og fagleg oppdatering/internkursing
<b>FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:</b>	Styrking av det førebyggjande og helsefremjande tverrfaglege samarbeidet spesielt for barn og unge  Vidareutvikle interkommunalt samarbeid på fleire område.  Styrke kompetanseutviklinga i regionen	<b>PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR</b>	Styrking av helsestasjon/skulehelsetenesta -spesielt retta mot førebygging og psykisk helse  Busetjing av fleire flyktningar krev ei styrking av ressursoverføring til både flyktningtenesta og helsetenestane

### 2.7.2 Måletal

			<b>FAKTOR 10 Helse og velferd</b>		
Faktor	Namn	Beskriving	Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
5	Meistringsorientert leiing	Leiing med vekt på å gjera kvar medarbeidar best mogleg ut i frå sine føresetnadar	3,8	0,0	3,9
7	Relevant kompetanseutvikling	Kompetanseutvikling som er relevant for å utføra oppgåver	3,5	0,0	3,7
9	Klima for meistring	Kultur for å samarbeida og å gjera kvarandre gode	3,9	0,0	4,1

Fokus-område	Indikator	Noreg res 2015	Helse og velferd		
			res 2016	mål 2016	mål 2017
Brukarar psykisk helsearbeid	I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til at du får eit meir aktivt liv	3,6	3,6	3,9	3,8
	I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til auka tryggleik i kvardagen for deg?	3,5	3,5	3,8	3,8
	I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til auka tryggleik i kvardagen for deg?	3,8	3,8	4,0	4,0
Brukarar helsestasjon	I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen?	5,1	4,9	4,8	4,8
	I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt?	5,7	5,4	5,5	5,5
	Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen	5,1	5,0	5,0	5,0
Brukarar fysioterapi	I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til?	5,1	4,7	5,1	4,9
	I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	5,7	5,7	5,6	5,7
	I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysio-terapiteneste er akseptabel?	4,8	4,3	4,8	4,8

For barnevern og NAV er Skjåk arb.gjevar. Ergoterapi har hatt for få svar til å syna tal.


## 2.8 Miljø, teknisk, næring(MTN)

### 2.8.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

<b>NÅTID - STYRKE:</b>	<p>Godt tverrfagleg samarbeid innanfor tenesteområdet. Fagleg breidde som gjer det mogleg å bygge opp eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.</p> <p>Høg kvalitet på kommunaltekniske tenester, vaktmeistertenester og reinhald. Regional ressurs innan kartforvaltning og utvikling.</p> <p>Arbeidet for ei berekraftig arealforvaltning og framtidretta stadutvikling er godt forankra i kommuneadministrasjonen, i bygdesamfunnet og på tvers av partigrenser i det politiske miljøet.</p>	<b>PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:</b>	<p>Sikre god framdrift i overordna planlegging, kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.</p> <p>Økonomiske ramer til tilfredsstillande drift- og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen og kommunale vegar.</p> <p>Utvikle digitale arkivløysingar</p>
<b>FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:</b>	<p>Utarbeiding av ny næringsplan for Lom kommune. Landbruk er eit sentralt tema som må integrerast i planen.</p> <p>Gjennomføre handlingsprogram for oppgradering av kommunale vatn og avløpsanlegg.</p> <p>Nasjonalparklandsbysatsinga har styrka Lom som merkevarer og gjort bygda meir attraktiv for etablerarar/ innovasjon.</p>	<b>PRIORITERTE SPESEIELLE UTFORDRINGAR</b>	<p>Kostnader med kartlegging og iverksetting av tiltak for å sikre bygningar og utbyggingsområde m.o.t. fare for ras og flaum</p> <p>Store utfordringar innan rekruttering og bemanning i fag- og leiarstilling.</p> <p>Legge betre til rette for intern karriere-/ kompetanseutvikling for å redusere avgang/ gjennomtrekk i stillingar.</p>

### 2.8.2 Måletal

Faktor	Namn	Beskriving			
			Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016
6	Rolleklarheit	Tydeleg kommuniserte forventningar	3,5	4	4,3
7	Relevant kompetanseutvikling	Kompetanseutvikling som er relevant for å utføra oppgåver	3,8	4	3,7
8	Vilje til fleksibilitet	Villigheit til å vera fleksibel på jobb.	3,6	4	4,5

Fokus-område	Indikator	Noreg res 2015	MTN		
			res 2016	mål 2016	mål 2017
Byggesaksbehandling	Kor tilfreds er du med faktisk saksbehandlingstid/svartid?	4,1	5,2	ingen	5,2
Vatn og avlaup	I kor stor grad opplever du at vatn- og avlaupstenesta leverer det dei skal?	5,2	5,5	ingen	5,5
Interne tenester - reinhald	Reinhald leverer tenester med god kvalitet	4,7	5,3	ingen	5,3
Interne tenester - vaktmester	Vaktmester leverer tenester med god kvalitet	4,5	5,4	ingen	5,4

## 2.9 Pleie og omsorg

### 2.9.1 Status og analyse (SWOT)

SWOT-analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan nyttast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i ei bedrift.

NÅTID - STYRKE:	Endringsklar sektor, føreligg ressurs og driftsanalyse	PRIORITERTE KRITISKE FORBETTRINGSBEHOV:	Gjeldande drift er ikkje berekraftig i framtida
FRAMTID - PRIORITERTE MOGLEGHEITER:	Omstillinga av drifta frå institusjonsbasert drift til styrking av heimebaserte tenester Bygging av heildøgns omsorgsbustader Tildele helsehjelp etter behov	PRIORITERTE SPESIELLE UTFORDRINGAR	Auke i talet på eldre med demenssjukdom og komorbiditet, samt alderssamansetjing generelt frå 2020). Færre i arbeidsdyktig alder (2030), OBS: utfordringar innan folkehelse i Lom Ufullstendig omsorgstrapp Smittevern Kompetanse; rekruttere /vedlikehald av kompetanse Eittårsregelen

### 2.9.2 Måletal

			<b>FAKTOR 10 Pleie og omsorg</b>			
Faktor	Namn	Beskriving	Res. 2016	Mål 2017	Noreg 2016	
3	Sjølvtende	Opplevd tillit og mogleheit til sjølvstendig arbeide	4,1	0,0	4,2	
7	Relevant kompetanseutvikling	Kompetanseutvikling som er relevant for å utføra oppgåver	3,5	0,0	3,7	
8	Vilje til fleksibilitet	Villigheit til å vera fleksibel på jobb.	4,3	0,0	4,5	

Fokus-område	Indikator	Noreg res 2015	Pleie og omsorg		
			res 2015	res 2016	mål 2017
Brukarar heimebasert omsorg	Eg får den hjelpa eg treng slik at eg kan bo heime	5,3	5,8	5,8	5,9
	Dei tilsette veit kva dei skal gjere når dei kjem heim til meg	5,3	5,8	5,8	5,9
	Eg veit kva som står i vedtaket mitt	4,5	4,7	4,7	4,8
	Det tok kort tid frå eg søkte om hjelp til eg fekk det.	5,2	5,6	5,6	5,7

## 2.10: Drifts- og investeringsforslag frå tenesteområda – samla

Forslag til tiltak frå tenesteområda - dette er ei samla, uprioritert liste over drifts-og iniveringstiltak som er føreslegne av tenesteområda. Enkelte forslag har utfyllande kommentarar. Det endelege forslaget til tiltak frå administrasjonssjefen finn de i kapittel III.

Tiltak Miljø, teknisk, næring	2017	2018	2019	2020
<b>Investeringar(nye tiltak over 100 000 kroner)</b>	<b>Inkl. 25% mva</b>			
Pumpestasjoner	2 250 000	0	0	0
Garmo RA	11 000 000	0	0	0
Kroken bustadfelt veg 4 (Lientomta)	250 000	0	0	0
Kollavegen, 50/50 SVV	375 000	0	0	0
Hamrom vassverk, ny brunn	0	312500	0	0
Dekkeprogram, forsterkingslag	0	1 250 000	1 250 000	0
Veg Brubakken	0	4 250 000	1 750 000	0
ENØK tiltak Lom Helseheim.	1 875 000	375 000	375 000	0
ENØK tiltak Loarområdet.	250 000	1 250 000	1 125 000	375 000
Lom Helseheim. Solavskjering av pasientrom i avd. 1 og 2.	131 250			
Rehab. Drengjestugu. Utvending	875 000	0	0	0
Lom Helseheim. Pasientvarsling.	0	937 500	0	0
Vatningsanlegg , grøntanlegg i sentrum	125 000	0	0	0
Tiltakspakke uteanlegg. Loar barnehage: Grind/Adkomst. Loar skule: Oppgrusing av fotballbane og grind ved storstabbur.	168 750	0	0	0
Loar skule. Utskifting av ytterdører og montering av adgangskontroll på 3 bygg.	656 250	0	0	0
Garmo oppvekstsenter. Masseutskifting/reasfaltering	375 000	0	0	0
Gamle Loar. Solavskjerming.	125 000	125 000	0	0
Lom Ungdomskule. Utskifting av solavskjerming	125 000	0	0	0
Lom Ungdomskule. Montering av låsesystem på ytterdører.	137 500	0	0	0
Eggjalia. Utskifting av vindauger på arbeidssenteret. ENØK/HMS/Oppgradering til dagens standard.	231 250	0	0	0
Opparbeiding av parkering på tomt til tidlegare vaktssentral. Behov frå Presthaugen og Loar skule	125 000	0	0	0
Loar Barnehage. Utskifting av takoverflate på Losjehuset.	137 500	0	0	0
Loar Barnehage. Bygning for soveplass og lagring av barnevogner.	750 000	0	0	0
Riving av doktergarden.		0	562 500	0
Hamrom. Justering av terreng og utskifting av trapp	187 500	0	0	0
Gamle Loar. Riving av 2 betongtrappar. Nye trappar i strekkmetall. Oppgradering til dagens standard.	175 000	0	0	0
Opparbeiding av parkering på tomt til tidlegare vaktssentral. Behov frå Presthaugen og Loar skule	175 000	0	0	0
<b>Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>				
Drift og vedlikehald av kommunale vegar	437 500	437 500	437 500	437 500
Auka bemanning innan vaktmesterteamet. 20% stilling.	100 000	100 000	100 000	100 000
Auka bemanning innan reinhald. Generell underbemanning/nye reinhaldsareal.	75 000	75 000	75 000	75 000
Vedlikehald av Gammelbanken. Bygning med stort vedlikehaldsbehov er innkjøpt	250 000	0	0	0
Drift/vedlikehald av Lom Ambulansesastasjon	50 000	0	0	0
Støtteordning - reintbrennande omnar	75 000*	75 000*	75 000*	75 000*

\* = Ingen mva. Sjå elles kommentarar og merknadar på neste side

## Kommentarar og merknadar til framlegg MTN

### Pumpestasjonar

Avløpspumpestasjonar opprusting, stort sett stasjonar frå slutten av 1970 talet. Kommunedelplan avløp er vedtatt av kommunestyret, framlegg til oppgradering av anlegga er i tråd med vedtak i overordna plan. Det er inngått kontrakt for arbeidet med leveranse i 2016 og 2017, budsjett ca. 3,5 mill. kr derav 1,8 mill. Kr i 2017.

### Garmo RA

Leirmo og Garmo reinseanlegg er bygd og har vore i drift sidan 1979. Kommunedelplan avløp er vedtatt av kommunestyret, tiltak med oppgradering av anlegga er i tråd med vedtak i overordna plan.

Leirmo RA blir nedlagt og avløpet blir overført til Galdesand RA med ny avløpsleidning. Budsjett ca. 9,1 mill. kr i 2016. Garmo RA rehabilitering. Budsjett 8,8 mill. kr i 2017 (prisjustert for prisauke).

### Kroken bustadfelt, veg 4

Opparbeiding av veg 4 i reguleringsplan for Kroken bustadfelt, tiltaket kan gjennomførast etter at «Lientømta» er innløyst av kommunen. Tiltak i 2017 med kr 200 000,-.

### Kollavegen, 50/50 SVV

Kollavegen restaurering, veganlegget ligg inne i nasjonal verneplan for vegrelaterte kulturminne.

Norsk vegmuseum bidreg med tilsvarande beløp som kommunen. Framlegg til kommunale midlar med kr 150 000,- årleg i ØK-plan periode. Dvs. årleg ramme på kr 300 000,-.

### Hamrom vassverk, ny brunn

Hamrom vassverk, ny brunn for å auke kapasitet og betre forsyningssikkerheten. Budsjett kr 250 000,-

### Dekkeprogram, forsterkingslag

Dekkeprogram, reasfaltering med nytt slitelag for å bevare «vegkapitalen». Bør utførast før eksisterande dekke blir så nedslite og krakelert at det må fjernast. 1 mill. kr i 2018 og 2019, dekkeprogram vil bli utarbeida.

### Veg Brubakken

Brubakken, veg med ein køyreretning og opphøgda gangveg, gateljosanlegg mm. Trafikksikringstiltak ved barnehage og skuleområde. Krev ny trafikksikkerhetsplan og truleg reguleringsplan for å få ut eksterne midlar.

### Drift og vedlikehald av kommunale vegar.

Budsjettrammer er vidareført utan auke over mange år. Kontrakt med entreprenør er indeksregulert og over 13 år utgjør dette over 50 % auke i kostnader. Ved budsjett for 2010 ble i tillegg rame redusert med 10 %. Rekneskapen dei siste åra viser meirforbruk i forhold til budsjett. KOSTRA tal viser at Lom kommune har låge kostnader med drift og vedlikehald pr. km veg. Budsjettrame dekkjer ikkje lenger fast drift av vegnettet, prioritering av vedlikehald og uføresette hendingar er det dermed ikkje rom for. Ved stort etterslep på vedlikehaldet vil meirkostnad for igjen å heve standarden kunne bli stor. Dette er bakgrunn for framlegg til 50% auke i budsjettrame med kr 350 000,- pr. år i periode. (Budsjett bør regulerast etter indeks kvart år).

Standard på vinterdrift av vegar kan reduserast, dette har delvis vore prøvd. Med bratte vegar i bustadfelt skapar dette mange reaksjonar frå publikum, samt universelt tilgjenge blir dårlegare.

Etter veglova kan kommunen omklassifisere delar av vegnettet til privat veg. Dette er mest aktuelt å vurdere for enkelte grendevegar, slike prosessar skaper reaksjonar frå dei som blir råka med kostnader. Kommunen får prosessomkostning og innsparingspotensialet er beskjeden.

### Støtteordning reintbrennande ovnar

I klimaplanen er det foreslått at Lom kommune frå 2010 årleg skal setje av kr. 300.000 til tilskot for å stimulere til auka bruk av biobrensel – medrekna pellets og ved – i private hushaldningar. Deler av det som er foreslått i planen kjem inn under tilskotsordningar i Enova sitt støtteprogram, det er først og fremst utskifting til reintbrennande vedovn og flis- og vedfyring basert på vassboren varme som er aktuelt for kommunal tilskotsordning. Det blir derfor foreslått ein redusert årleg sum kr 75 000.

### Auka bemanning innan reinhald

Gjeldande reinhaldsplan vart innført ved kommunale bygg i 2007. Etter ei stuttare tid med ny plan, såg ein at stillingsstorleikane ved dei ymse bygga var svært stramme.

Det er ved fleire høve spelt inn behov for auka stillingsressursar. Seinast i 2015. Ved nokre av bygga er ikkje årleg nedvask inkludert ved vurdering av bemanning. Dette saman med endra bruk og nye areal gjer at ein må be om auka stillingstorleikar.

Ei berekning ved bruk av reinhaldsprogrammet RenData 800, syner følgjande behov for endring i reinhaldsstillinger:

Lom helseheim: Her er ikkje årleg hovudvask med i gjeldande reinhaldsplan.

I same reinhaldsplan er ansvaret for delar av reinhaldet på bebuarrom lagt til pleiarane, noko dei ikkje finn tid til. Det er og komen til nye areal i 3. etg. Pensjonatet og AFF. Behov for auka stillingsressurs på 38,3%.

Loar skule: Reinhaldspersonalet har slete med underbemanning i mange år, utfordringane auka ved nedlegging av Garmo skule og fleire elevar, hyppigare bruk av grupperom mm. Behovet for auka stillings ved Loar skule er 20%.

Lom Ungdomsskule -15%.

Garmo oppvekstsenter: Her blir det ikkje endringar i stillingsstorleik.

Drengjestugu: -5%

Gamle Loar: -5%

Steinfoset: -20%

Gammelbanken: Nye areal i gammelbanken utgjør 15% stilling.

Samla behov: 28,3% stillingsressurs.

I vedtak av eksisterande reinhaldsplan står det at ”mindre tilpasningar/justeringar vil fortløpande bli vurdert”.

Ved endringar i bruk av bygningar eller auka/mindre reinhaldsareal må reinhaldsplanen justerast.

Denne vurderinga bør gjerast årleg.

Utrekninga er basert etter dagens areal og bruk av desse.

<b>Tiltak Støttefunksjonen</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>				
Regiondata	193 000	-	-	-

<b>Tiltak Utgard</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>				
Auke i stillingsressurs og enerigutgifter	165 000	165 000	165 000	165 000

<b>Tiltak Loar barnehage</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>				
Ny pedagogstilling for å kunne ta inn fem nye barn	559 000	559 000	559 000	559 000
Assistentstilling , ny tilråding frå PPT	378 000	378 000	378 000	378 000

<b>Tiltak Loar skule</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Investering (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>				
Digitale tavler	75 000			
Gruppeopplæring i massinginstrument. 2t/v.	25 000	50 000	50 000	50 000
1 klassesett med iPadar (30 stk)	90 000			

<b>Tiltak Lom ungdomsskule</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Investering (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>				
20 berbare elevPC a kr. 6000	150 000	0	0	0
30 stasjonære elevPc a kr 6000		225 000	0	0
20 Ipad a kr 5000			125 000	0

<b>Tiltak Helse og velferd</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>	<b>ex. mva.</b>	<b>ex. mva.</b>	<b>ex. mva.</b>	<b>ex. mva.</b>
Styrking av helsestasjon/skulehelsetenesta - retta mot psykisk helse barn og unge	250 000	250 000	250 000	250 000
Styrking av sekretærfunksjonen ved legekantoret	350 000	350 000	350 000	350 000

<b>Tiltak Pleie og omsorg</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Investeringar(nye tiltak over 100 000 kroner)</b>	<b>Inkl. 25% mva</b>	<b>Inkl. 25% mva</b>	<b>Inkl. 25% mva</b>	<b>Inkl. 25% mva</b>
Velferdsteknologi	125 000	0	0	0
3 tenestebilar til heimehjelparene	750 000	0	0	0
Hev og senk skrivebord	125 000	0	0	0
<b>Drift (nye tiltak over 100 000 kroner)</b>				
Farmasøyt 20% stilling (kjøp av teneste)	155 000	155 000	155 000	155 000
Inn på tunet	135 000*	135 000*	135 000*	135 000*
Auke i miljøarbeidartenesta	965 000*	965 000*	965 000*	965 000*

\* = Ingen mva. Sjå elles kommentarar og merknadar på neste side

## Kommentarar og merknadar til framlegg Pleie og omsorg

### Kompetansehevingstiltak jf. eige oppsett

#### Vidareutdanning i demens, høgskulenivå og vgs-nivå:

Det er svært liten formell demenskompetanse i organisasjonen vår og med dei utfordringane vi står overfor i framtida, er det naudsynt med meir demenskompetanse både på høgskulenivå og på vidaregåande nivå. Det er naudsynt å leggje til rette for at ein sjukepleiar og ein hjelpepleiar i sektoren kan ta vidareutdanning der ein dekkjer vikarutgifter og utgifter i samband med studiet. Her er kan det bli heiltidsstudium over eitt år, eller deltidsstudium over to år. Jf. Tiltak i Omsorgsplan for Lom 2011-2020 og Demensplan for Lom kommune 2016-2020.

#### Vidareutdanning i rus/psykiatri 15 studiepoeng for 2 pers.:

Oppstart desember 2016 og eksamen mai 2017. Studiet er eit samarbeid mellom Høgskulen i Hedmark, Karrieresenteret i Oppland og Regional Ruskoordinator i Nord-Gudbrandsdal. Og er samlingsbasert og lagt til Karrieresenteret i Oppland på Otta. Målgruppe er helse- og sosialarbeidarar og andre yrkesgrupper som arbeider om og med personar med psykiske lidningar og rusbruk i lokalsamfunnet. Etter fullført studium vil kandidatane kunne bidra til å drive kartlegging og oppfølging/tilrettelegging for aktuelle brukarar i tett samarbeid med psykisk helse og rusteneste.

Utdanninga er gratis. Kommunen må dekkje frikjøp av studie- og eksamensdagar og evt. utlegg til køyring, 8 samlingsdagar og 2 eksamensdagar (heimeeksamen over to veker). Jf. Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020 og overføring av ansvar for psykisk helse og rus til kommunane.

#### Eldreomsorgens ABC

Dette er tiltak som har starta opp og som har vore finansiert gjennom UHT/Fylkesmannen. Dersom UHT ikkje fylgjer opp etter ny organisering, må kommunen dekkje 1 t studiering pr. hefte og frikjøp til fagdagar. Vi fokuserer på dei to fyrste permene. 1 år/perm. Kvar perm inneheld om lag 12 hefte og det er rekna møter kvar 14. dag unntatt i ferien. Kvart møte er rekna til to timar, der arbeidsgjevar dekkjer ein time til utbetaling, 2760kr/år. Det krevst 80 % oppmøte for å få godkjenning(studiebevis). Det er rekna 2 fagdagar (SAM-AKS) pr. perm som arbeidsgjevar betaler; 2880kr.

#### Kvalitetstiltak:

##### Vidareføre avtalen med hygienejukepleiar/kontrakt med Sjukehuset Innlandet

##### Farmasøyt 20% stilling (kjøp av teneste)

Kommunen si plikt til å gjere systematiske legemiddelgjennomgangar av bebuarar i sjukeheimar, kjem truleg til å bli føresegnfesta jf. ny stortingsmelding om legemidlar. Det er farmasøyt som er mest kvalifisert til dette arbeidet og legen vil med dette bli frigjort til å gjere legeoppgåver. Tilsyn legemiddellager og rutinar legemiddelhandtering og opplæring vil kunne inngå. Dette er kvalitetssikring og framtidsretta tiltak.

### Tenestetilbod:

#### Støttekontakt

Budsjetterer i samsvar med tildelte timar. Støttekontakt aktivitetkontakt er tiltak for å dreie tenestene, minske presset på heimebaserte tenester og institusjon, avlaste familie, viktig faktor som fremjar sjølvstende, meistring, aktivitet, sosial omgang hjå brukaren.

#### Inn på tunet

Kjøp av tenester frå private. Dette, som ledd i å dreie tenestene, redusere presset på heimetenestene og institusjon. Avlastningstilbod. Ledd i utval av tilbod. Ivareta behovet for meistring, aktivitet, sosial omgang, individuell tilrettelegging. Ikkje alle pasientar passar inn i eksisterande tilbod, grunna sjukdomen.

#### Velferdsteknologi

Kjøp av 10 tryggleiksalarmar 10 x 3000 + mva + innkjøp av annan type velferdsteknologi (fallmatter, GPS, varslingsdispenserar for medisin m.m.). Som tiltak for å dreie tenestene, slik at personar kan bu heime lengre, redusere presset på tenestene. Fremje meistring, aktivitet, sjølvstende, tryggleik.

#### Ferievikarbudsjettt aktivtørar

Viktig med aktivtørfunksjonen om sommaren for at pasientane skal få vera mykje ute og på turar. Det er ikkje friviljug tilbod om sommaren, slik at dersom det ikkje er aktivtørar, vil presset auke på

pleiepersonalet som er pressa nok frå før grunna ferieavvikling. Resultat pårørandeus peikar på dette.

#### HMS-tiltak:

Ny kjøkeninnreiing dagsenter for personar med demenssjukdom

##### Slitt, med dører som dett av. Jf. punkt på vernerunder

##### Solskjerming institusjon avd. 1+2

Jf. punkt på vernerunder

##### Hev og senk skrivebord for 6 i administrasjonen

Dette for å førebyggje rygg og nakke plager, hindre sjukemeldingar. Naudsynt å kunne variere arbeidsstilling gjennom dagen. IA-perspektiv.

#### Ymse:

##### 3 bilar heimhjelpene

Heimhjelpene er dei kommunalt tilsette i Lom som køyrer mest og er dei einaste kommunalt tilsette som må bruke eigen bil i arbeidet.





# - Del III -

Administrasjonssjefen sitt forslag



## Del III - Administrasjonssjefen sitt forslag

### 3.1 Prioriteringar og innsparingar i budsjettet

#### Innleiing

Ved oppstart av budsjettarbeidet med vidareføring av budsjett 2016 korrigert for auke utgifter til løn og pensjon og enkeltvedtak starta kommunen med ei underdekning på kr 9,2 mill kroner. Dei vesentlege årsakene til dette er redegjort for i dokumentet. Meirutgift på løn og pensjon

vurdert mot auke i skatte og rammetilskot utgjør isolert sett kr 2 mill.. Redusert utbytte frå Eidefoss med kr 4,2 mill og redusert eigedomsskatt på kraftproduksjonsanlegg med kr 1,5 mill er av dei vesentlege årsakene, Denne oversikta er tenkt som synleggjering at tiltak som er foreslått for å finne balanse i drift.

Inntektsauke/utgiftskutt	
Integreringstilskot	1650000
Tilskot vaksenopplæring - busette flyktningar	750000
Kutt i generelle driftspostar utanom Utgard	1100000
Reduserte inntekter Utgard	-835000
Redusert andre driftspostar Utgard	475000
Reduksjon pensjonsutgifter	1000000
Konsesjonskraft	1150000
Auka utbytte Eidefoss	400000
renter (nto. effekt)	300000
Bruk av merka dispfond (variasjon i inntekter)	817000
Bruk av dispfond prosjektering	672000
Bruk av dispfond innføring eigedomsskatt	600000
Tilskot undervisningsheimeteneste inn i drift	375000
Reduksjon stillingsressurs skule	300000
Reduksjon stillingsressurs pleie og omsorg	1500000
Utleige ambulansegarasje	490000
Separat avtale Smådøla	200000
Sum inntektsauke/utgiftskutt	10 944 000

Aktivitetsauke	
Avdrag og renter nye lån	300000
Reinhald	75000
Stillingsauke Utgard	80000
Prosjektering bygg Pleie- og omsorg	672000
Prosjekt innføring eigedomsskatt	600000
Sum aktivitetsauke	1727000

Netto endring	
	9 217 000

### Kommentarar til tiltaka

#### Rådgjevar oppvekst:

Det er gjennomført ein generell reduksjon i ramma på ca. kr 120 000,-.

#### Støttefunksjonen:

- Det er gjennomført generell reduksjon av ramma på ca. kr. 225 000. I tillegg er det fleire postar som ligg utanfor det som er driftsutgifter innan Støttefunksjonen, som Regiondata, reduserte renteutgifter, redusert utbytte, redusert inntekt på ansvarleg lån mm.
- Det blir lagt opp til å få fleire innbyggjarar til å nytte nettbank, og det vil bli innført fakturagebyr der ein kan nytte dette. Det er estimert ei meirinntekt/innsparing på ca. kr. 100 000 på grunn av dette.
- Budsjettet innan IT, til utskifting av utstyr, er redusert med kr. 100 000,-. Dette vil medføre at ein må legge seg på ei lengre utskiftingstakt med dei konsekvensane det kan ha.

- I tillegg vil det bli mindre til innkjøp av viktig utstyr for bl.a. skulane.
- Budsjettet er opplagt etter 4 lærlingar i løpet av 2017. Disse har på grunn av sitt ståsted i opplæringsløpet, høgare løn i 2017 enn i 2016.
- Pensjonsutgiftene er vanskelege å budsjettere. Her er det fleire faktorar som verkar saman. Vi har nytta estimat frå KLP, men har lagt oss på eit litt lågare nivå enn dei. Noko av bakgrunnen for det, er at deira prognose for årslønsvekst i 2017 er 0,5 % høgare enn det KS har signalisert. Attendeført overskot frå KLP sin drift, er for 2017 estimert lågt sett i forhold til attendeføringane dei siste åra. Dette er årsaker som ligg til grunn for våre vurderingar.
- Konsesjonskraft er auka frå 2016 – budsjettet, med kr 1 664 000 til netto kr. 5 950 000. Denne summen går inn i driftsbudsjettet for 2017.

- Smådøla - utbygginga. Denne avtale kan for 2017 gje oss kr 200 000 meir i inntekt enn i 2016. Bakgrunnen for dette er auka kraftprisar.
- I budsjettet til Støttefunksjonen ligg og kr 600 000 som er tenkt til taksering i samband med innføring av eigedomsskatt. Dette er finansiert med bruk av disposisjonsfond.

#### **Servicetorg, informasjon og kultur:**

- Det er gjennomført generell reduksjon av rama og til dette området.
- Natteravntenesta har eit budsjett på kr. 19 000. Dette blir foreslått finansiert med bruk av merka disposisjonsfond, eit fond til «rusførebyggande tiltak».
- Aktivitetstilbod til barn og unge, blir foreslått finansiert frå fond til «rusførebyggande tiltak».
- Overskot av skjenkeavgifter på kr. 50 000 blir teke inn i drifta.
- Sal av bygdabøkene med kr. 50 000 blir forslått teke inn i drifta.

#### **Loar skule:**

- Undervisningsressursane til Loar skule er justert etter behov, då dette endrar seg kontinuerleg. Det blir noko færre vaksne inne i klassetimen enn i dag. Konkret vil dei seia at den styrkinga klassane tidlegare har fått for å drive best mogleg tilrettelagd undervisning vil bli noko redusert.

#### **Lom ungdomsskule:**

- Det er reduksjon i lønsutgifter på ca. kr 690 000, samt kr. 230 000 på andre postar innan ordinær grunnskuleundervisning.
- Spesialundervisning har ei auke på kr. 625 000, dette som lønsutgifter.
- Grunnskuleundervisning av vaksne framandspråklege har ei auke i utgiftene på kr. 1 200 000. Auke i tilskot til undervisning i norsk og samfunnsfag aukar med kr. 450 000, til kr 2 020 000.

#### **Barnehagen:**

- Brukarbetaling i barnehagen er redusert med kr 365 000 på grunn av nye reglar om maksimal foreldrebetaling ikkje skal overstige 6 % av føresette sin inntekt.
- På grunn av auka barnetal, er det lagt inn i budsjettet auke på ei pedagogstilling, samt auke i assistentstilling etter tilråding frå PPT.
- Det er lagt inn i budsjettet integreringstilskot for 3 nye barehagebarn, ein sum på kr. 312 000.

#### **MTN:**

- Det er gjennomført generelle budsjettkutt.
- Stillinga som kommunalsjef er ikkje inne i budsjettet.

#### **Utgard:**

- Det er teke inn kr 80 000 til auka lønsutgifter i samband med at symjebassenget blir sett i drift i 2017.
- Budsjettet for elektrisk kraft er auka med kr 85 000 av same

årsak som over.

- Vedlikehaldsbudsjettet er redusert til eit minimum, men og basert på rekneskapen frå dei åra Utgard har vore i drift. Reduksjonen på desse postane er på kr 390 000.
- Inntekta frå utleige til Oppland fylkeskommune er bl.a. basert på rentenivået. Som kjent har renta gått ned, og inntekta må derfor justerast ned med ca. kr 300 000.

#### **Helse- og velferd:**

- Staten har overført ansvaret for friviljugsentralane til kommunane. Overføringane til friviljugsentralane ligg i den frie ramma. Det blir foreslått å auke overføringa til friviljugsentralen med kr 321 000, slik at overføringa frå Lom kommune blir kr 450 000.
- Ved ein av legane sitt fråvær, er det teke inn vikar som er tilsett i Lom kommune og dermed blir lønna frå kommunen. Av denne grunn er det og budsjettet med auka inntekter i form av eigenandelar.

#### ***Innan Nav sitt budsjett er:***

- Økonomisk sosialhjelp auka med kr. 300 000
- Kvalifiseringsstønad er auka med kr. 86 000, til kr. 450 000

#### ***Sosialtenester:***

- Godtgjersle til støttekontakt er auka med kr. 30 000 til kr 50 000
- Godtgjersle til «besøksheim» er auka med kr 98 000 til kr 300 000
- Innan barnevernstiltak er utgift til leige av hus budsjettet med kr 100 000
- Utgifter til fosterheim er redusert med kr 325 000, medan utgifter til avlasting til fosterheim er auka med kr 253 000, til same beløp.

#### ***Flyktingetenesta***

- Introduksjonsstønad er redusert med kr 250 000 til 5 250 000
- Samla utgift innan introduksjonsordninga til flyktningar er redusert med kr 442 000 til kr 5 750 000
- Integreringstilskotet til mottak av flyktningar er auka 980 000 til kr 11 228 000.

#### **Pleie- og omsorg:**

- Kr. 672 000 ligg i budsjettet til PLO, for dekking av prosjekteringsutgifter i samband med bygging og ombygging av omsorgsbustader og ombygging av institusjon. Dette er foreslått finansiert med bruk av disposisjonsfondet.
- Etter at vaskeriet vart lagt ned, måtte ein få avtale med eksternt vaskeri. Dette medfører ei auka utgift på kr 220 000.
- Øyremerka tilskot frå «Undervisningsheimetenesta» er teke inn i drifta med kr 775 000, der kr 345 000 blir avsett til bundne fond ved utløpet av 2017. Netto effekt på budsjettbalansen er kr 430 000.
- Det er større endringar internt inna PLO sitt budsjett, på grunn av den omstillingsprosessen som dei er inne i. jfr. vedteken omstillingsplan

## 3.2 Budsjett og økonomiplan opp mot den økonomiske handlingsregel

Oppstillinga nedanfor viser økonomien etter vedteken handlingsregel.

Handlingsregel	2017	Handlingsregel	Avvik
Driftsinntekter	229 281 000		
Justert netto driftsresultat	4 922 262	4 403 569	-518693
Justert netto drift i % av driftsinntekter	2,1 %	2,00 %	
Disposisjonsfond	15 123 000	22 017 847	6 894 847
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	6,6 %	10 %	
Netto lånegjeld	196 812 667	143 116 003	53 696 664
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	86 %	65 %	

### Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat er justert for bruk og avsetting av bundne fond og premieavvik. Som vi ser er netto driftsresultat innafor målsettinga om 2 % justert netto driftsresultat. Det er eit stramt budsjett som gjev oss dette resultat, og det er lite rom for endring.

### Disposisjonsfondet:

Etter budsjettet, er disposisjonsfondet på 6,6 % av driftsinntektene, noko som er kr. 6,9 millionar under målsettinga. Oppnår vi målsetting gjennom økonomiplanperioden, vil vi kunne møte målsetting om 10 % disposisjonsfond ved utløpet av perioden. For å oppnå dette resultat, må det fortsatt til ein reduksjon av drifts nivået. Pleie- og omsorg er inne i ein større omstillingsprosess, som og medfører store investeringar.

Driftsnivået er teke ned i økonomiplanperioden, samt at det er lagt inn auka husleigeinntekter frå 2019. Dette er ei stor omlegging, som ein ikkje har fått justert inn i økonomiplanen slik ein ynskjer, da ein fortsatt manglar opplysningar som ein ynskjer å arbeide inn i planen.

Det må arbeidast med økonomiplanen i 2017, slik at vi får inn alle tenkelege moment, og dermed eit betre styringsgrunnlag framover.

### Lånegjeld:

Det er behov for store investeringar dei næraste åra, for å møte endra etterspurnad og omlegging av drifta innan Pleie- og omsorg.

Dette fører til at vi får ei auka gjeld frå kr. 237 000 000 til kr. 298 000 000. Innbakt i denne gjelda er etableringslån (lån for vidare utlån) med kr. 21 090 000 og lån til investeringar innan VAR – området med ca. kr. 40 800 000. Til saman er dette lån på ca. kr. 62 000 000 som er sikra ved at renta på utlån blir regulert i takt med renteutviklinga elles, og ved regulering av gebyr innan VAR.

Fastrentelån er pr.31.12.2017 på kr. 111 500 000. Lån til flytande rente er på kr. 143 000 000. Lån med renterisiko er etter dette på kr. 81 200 000. Netto konsekvens på budsjettbalansen ved 1 % auke i renta blir ca. kr. 800 000. Kommunalbanken skriver at det ikkje er auka forventning til endra styringsrente i desember. Korte renter er omtrentleg uendra, medan renta framover syner ein svak oppgang mot 2020. (Kilde: Kommunalbanken).

Opp i mot dette kan vi vurdere driftskapital som er plassert i bank, på ca. kr 80 000 000, der kr 55 000 000 er plassert med avtalt rente. Ved renteauke får vi sjølvsagt og auka renteinntekt på omlegging som renteauka på dei låna som er vurdert til å ha renterisiko.

### Framskriving vedteken handlingsregel fram til 2020(fortset på neste side)

Handlingsregel	2017			2018		
	Budsjett	Handlingsregel	Avvik	Budsjett	Handlingsregel	Avvik
Driftsinntekter	229 281 000			230 912 000		
Justert netto driftsresultat	4 922 262	4 585 620	-336 642	4 922 262	4 618 240	-304 022
Justert netto drift i % av driftsinntekter	2,1 %	2,00 %		2,1 %	2,00 %	
Disposisjonsfond	15 880 000	22 928 100	7 048 100	17 665 000	23 091 200	5 426 200
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	6,9 %	10 %		7,7 %	10 %	
Netto lånegjeld	254 589 000	149 032 650	105 556 350	298 627 000	150 092 800	148 534 200
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	111 %	65 %		129 %	65 %	

Handlingsregel	2019			2020		
	Budsjett	Handlingsregel	Avvik	Budsjett	Handlingsregel	Avvik
Driftsinntekter	233 804 000			233 751 000		
Justert netto driftsresultat	4 922 262	4 676 080	-246 182	4 922 262	4 675 020	-247 242
Justert netto drift i % av driftsinntekter	2,1 %	2,00 %		2,1 %	2,00 %	
Disposisjonsfond	18 306 000	23 380 400	5 074 400	20 226 000	23 375 100	3 149 100
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	7,8 %	10 %		8,7 %	10 %	
Netto lånegjeld	301 697 000	151 972 600	149 724 400	298 011 000	151 938 150	146 072 850
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	129 %	65 %		127 %	65 %	

### 3.3 Innstilling frå administrasjonssjefen

#### 3.3.1 Skattevedtak

Med grunnlag i eigedomsskattelova §§ 2 og 3e, skal eigedomsskatt skrivast ut etter desse alternativ for skatteåret 2017:

- Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, jfr. KS-sak 125/75.
- Verker og bruk i heile kommunen.

Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige eigedomane blir for 2017 sett til 7 promille, jfr. esktl. § 13 fyste ledd. Skattesatsen blir differensiert med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a. For bustadar / bueningar og fritidseigedomar, blir skattesatsen sett til 4 promille.

Alle sjølvstendige bueningar skal ha eit bottenfrådrag på kr 450 000 som skal trekkast frå takstverdien, jfr. esktl. § 11 andre ledd.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad er fritekne for eigedomsskatt i 10 år (eigedomsskattelova § 7 bokstav c) inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidligare vedtekne vedtekter.

#### 3.3.2 Diverse vedtak

##### 3.3.2.1 Nye stillingsressursar

1. Auke av stilling i barnehagen.
  - Pedagogstilling kr. 559 000
  - Assistentstilling kr. 378 000
2. Auke i stillingsressurs og enerigutgifter Utgard, kr. 165 000.
3. Auke i stillingsressurs reinhald, kr. 75 000.

##### 3.3.2.2 Løyvingar frå disposisjonsfond

1. Natteravntenesta: budsjett på kr. 19 000. Dette blir foreslått finansiert med bruk av merka disposisjonsfond, fond til «rusførebyggande arbeid».
2. Aktivitetstilbod til barn og unge, finansiert frå disposisjonsfond til «rusførebyggande arbeid». Budsjett kr. 223 000.
3. Kr. 672 000 i budsjettet til Pleie- og omsorg for prosjektering av tilbygg, sjukeheimplassar og omsorgsbustadar.

#### 3.3.3 Utviding av eigedomsskatt

Lom kommune utvidar området for eigedomsskatt til å gjelde heile kommunen med verknad frå 2018, jf Eiendomsskattloven § 3A. Det blir løyvd kr. 600 000 frå disposisjonsfondet til arbeidet med utviding av eigedomsskattområdet.

### 3.3.4 Driftsinntekter - forslag til satsar

Kap. Driftsinntekter: Forslag til satsar	2016	2017
<b>3.3.4.1 - Satsar for musikk-og kulturskulen pr. år:</b>		
Eineundervisning og dans	2 400	2490
Gruppeundervisning drama og formgjeving	1 200	1250
Leige av instrument	500	520
Syskenmoderasjon: For barn nr. 2 - 40%, for barn nr. 3 - 50%. Moderasjonen gjeld ikkje dans, drama og formgjeving		
<b>3.3.4.2 - Satsar for skulefritidsordninga(SFO) pr. mnd:</b>		
Til og med 14 timar pr. veke	1 250	1300
15 timar og meir i veka	1 980	2050
Dagsats	310	320
Timesats	95	100
<b>3.3.4.3 - Satsar for barnehagen, pr. mnd:</b>		
Fem dagar i veka(maksimalsats)	2 580	2580
Fire dagar i veka	2 400	2400
Tre dagar i veka	2 050	2050
To dagar i veka	1 600	1760
Einskild dag	250	250
<b>3.3.4.4 - Opphald på helseheimen</b>		
Jamfør rundskriv I 47/48 frå Helse og Sosialdepartementet		
<b>3.3.4.5 - Husleige kommunale bustadar</b>		
Husleige for trygdebustad, alderspensjonat og omsorgsbustad blir foreslått auka som konsumprisindeksen, endring jfr. avtale		
<b>3.3.4.6 - Satsar for heimehjelp</b>		
Inntekt under 2G	186	<sup>1</sup>
Inntekt frå 2G og under 3G	620	845
Inntekt frå 3G og under 4G	890	1123
Inntekt frå 4G og under 5G	1 300	1545
Inntekt frå 5G og over	1 850	2112
Satsane er heimla i Forskrift om vederlag for sosiale tenester. administrasjonen har fullmakt til å endra satsane i samsvar med rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet		
<b>3.3.4.7 - Tryggleiksalarm</b>		
Pris pr. mnd. for tryggleiksalarm	207	223 <sup>2</sup>
<b>3.3.4.8 - Matlevering / kantine helseheimen</b>		
Middag levert i heimen, pris pr. middag	70	80
Frokost i kantina		40
Middag i kantina		80
<b>3.3.3.9 - Satsar for fellingsavgift</b>		
Elg, vaksne dyr (1½ år og eldre)	500	500
Elg, kalv	300	300
Hjort, vakse dyr (1½ år og eldre)	375	375
Hjort, kalv	225	225

Med heimel i "Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort" blir fellingsavgiftene for elg og hjort i Lom kommune auka til gjeldande maksimalsatsar

<sup>1</sup>: Blir justert i samsvar med rundskriv I-1/2017 frå Helse- og omsorgsdepartementet.

<sup>2</sup>: auke med kr 16,- pr måned pga overgang til digitale alarmer

### 3.3.5 Godtgjersle til folkevalde

Godtgjersle til folkevalde følger det til kvar tid gjeldande reglement.

### 3.3.6 Fullmakt til administrasjonssjefen

Administrasjonssjefen får fullmakt til å saldere budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 ved å justere avsetjing til disposisjonsfond.

### 3.3.7 Overføringer til andre

Mottakar	2016	2017
Regionrådet	392 000	409 000
Revisjon og kontrollutval	653 000	679 500
Regiondata	1 774 000	1 864 000
IT-samarbeid med Skjåk kommune	655 000	655 000
Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap:		
• <i>Renovasjon</i>	198 000	208 000
• <i>Restavfall</i>	1 384 000	1 435 000
• <i>Miljøstasjon</i>	360 000	378 000
Barnevern, samarbeid med Skjåk kommune	580 000	700 000
Samarbeid med NAV	1 263 000	1 310 000
Overføringer til Vågå kommune:		
• <i>Skatteoppkrevjar</i>	380 000	278 000
• <i>Arbeidsgjevarkontrollen(overført til Vågå kommune frå 1.4.2014)</i>	192 000	204 000
• <i>Skogbrukssjef</i>	240 000	240 000
• <i>Tilsyn byggesak</i>	90 000	117 800
Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter(NGLMS)		
• <i>Jordmorvakt</i>	285 000	280 000
• <i>Legevakt</i>	1 347 000	1 501 800
• <i>Intermediære senger</i>	1 304 000	1 319 000
• <i>Samfunnsmedisinar</i>	277 000	300 000
Tildelingskontor - Skjåk	760 000	779 000
PPT	1 378 000	1 378 000
Lom og Skjåk brannvesen		
• <i>Feiarvesen</i>	430 000	381 000
• <i>Brannsyn</i>	247 000	255 000
• <i>Brannvesen (Høgt tal i 2016 grunna kjøp av ny brannbil)</i>	2 192 000	1 540 000
• <i>Overordna brann, m.m.</i>	300 000	286 000
Lom kyrkjelege råd	1 600 000	1 600 000
• <i>I tillegg kjem overføringer for tenesteyting</i>	323 000	335 000
• <i>Livssynsamfunn</i>	20 000	20 000
Gudbrandsdalsmusea AS jfr. avtale	150 000	170 000
Lom friviljugsentral (auke 2017 grunna overføring av ansvar frå stat til kommune)	143 000	450 000
• <i>I tillegg kjem tenesteyting<sup>*)</sup></i>	150 000	204 000
Samarbeid med krisesenter	164 000	164 000
Reiseliv, finansiert frå næringsfondet	500 000	450 000
Landbruk - overføring til private	550 000	500 000
Nord-Gudbrandsdalen bedriftshelseteneste, kjøp av tenester	140 000	140 000
Organisasjonar og andre innan kultur	670 000	640 000
• <i>Av dette øymerka til idrett</i>	530 000	530 000
Ungdomsarbeid	120 000	110 000
<b>TOTALT</b>	<b>21 339 000</b>	<b>21 799 100</b>

<sup>\*)Auke i 2017 kjem i hovudsak av auka busleige</sup>

### 3.3.8 Budsjetttansvar

Reglar for rekneskap er endra, noko som fører til at internfordeling av utgifter blir sett opp annleis. Dette kan gje utslag i taloppstilling, med større beløp i endring i forhold til 2016.

Rådgjevar oppvekst	2016	2017
Lønsutgifter	2853700	2859087
Kjøp av varer og tenester	243000	106000
Kjøp av tenester frå andre	1378000	1378000
Overføringar	26000	21000
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>4500700</b>	<b>4364087</b>
Refusjonar	-2130500	-2112287
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>-2130500</b>	<b>-2112287</b>
<b>SUM RÅDGJEVAR OPPVEKST</b>	<b>2 370 200</b>	<b>2 251 800</b>

Støttefunksjonen	2016	2017
Lønsutgifter	6028700	2618900
Kjøp av varer og tenester	3399065	5756100
Kjøp av tenester frå andre	4030155	4887000
Overføringar	8429800	6111050
Finansutgifter/transaksjonar	24179318	21771962
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>46067038</b>	<b>41145012</b>
Salsinntekter	-11484000	-14364152
Refusjonar	-2301452	-1391050
